



Jens H N Bjordal
Grønlandsvegen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15112 - 20/58143

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
16.09.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 357/68 Sætre

Tiltak: avlaupsledning/anlegg
Byggjestad: Gbnr: 357/68
Tiltakshavar: Karsten Berentsen
Ansvarleg søkjar: Jens H N Bjordal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.09.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Gjennomføringsplan

- Søknaden manglar gjennomføringsplan.

Gjennomføringsplanen etter SAK10 § 5-2 skal sendast inn både ved søknad om rammeløyve og søknad om igangsetjingsløyve, i tillegg til ved endringssøknader. I tillegg skal gjennomføringsplan sendast inn ved søknad om ferdigattest og midlertidig bruksløyve, jf. SAK10 § 8-1.

Erklæringar om ansvarsrett

- Skjema erklæring om ansvarsrett har feil og manglar. Gjeld avkryssing for sentralgodkjenning, avkryssing for når samsvarerklæring skal føreliggje og avkryssing for erklæring av ansvar. Søknaden manglar dato.

Ansvarsrett skal erklærast for alle ansvarsområde i tiltaket. Opplysningar om ansvarsrett skal følgje søknaden, jf. SAK10 § 5-2 tredje ledd bokstav q). For søknad om rammeløyve er det oftast tilstrekkeleg med erklæring om ansvarsrett for ansvarleg søkjar, men også for ansvarleg prosjekterande om prosjekteringsforhold vert avklart i rammeløyvet. Før igangsetjingsløyvet vert gjeve skal det erklærast ansvarsrett for alle fagområda som omfattar prosjektering. Før midlertidig bruksløyve og ferdigattest vert gjeve skal det erklærast ansvarsrett for alle fagområda som omfattar utføring og kontroll.

Søknaden skal innehalde informasjon om føretaket, naudsynt kontaktinformasjon og opplysningar om føretaket sine kvalitetssikringsrutinar og kvalifikasjonar, i tillegg til oversikt over kompetansen føretaket nyttar i tiltaket.

Andre manglar

- Det er sendt inn samsvarerklæring datert 30.08.2020. for ansvarsområde prosjektering (PRO) og utføring (UTF). Samsvarerklæring skal behaldast av ansvarleg søkjar, og kun leggast fram for kommunen ved eventuelt tilsyn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 05.10.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fløysand Va AS
Karsten Berentsen

Fløksand
Haukedalsveien 13

5918 FREKHAUG
5113 TERTNES

Mottakarar:

Jens H N Bjordal

Grønlandsvegen 11

5918 FREKHAUG